

Ullensvang Høgre

Valprogram

2023-2027



Kjære veljar!

Ullensvang Kommune har eit fantastisk nærings- og reiseliv, eit levande landbruk, ei voksende sidernæring, kraftproduksjon og glødande industri. Alle desse ulike næringane er nøkkelen til vekst og velferd. Næring gjev velferd! Velferda som gjev oss barnehagar, skular, gamleheimar og forvissinga om å bli teke vare på når vi treng det. Difor må vi verna om dei ulike bedriftene vi har, samt legge til rette for at desse kan utvikla seg vidare. Vi må kjempa for å gjera Ullensvang til ein attraktiv kommune å investera og bu i. Då treng vi bustader og vi må leggja tilrette for meir bustadbygging i heile kommunen. Ullensvang Høgre ønsker å utvikla ein levande og attraktiv kommune.

Hjartet mitt bankar sterkt for dei eldste innbyggjarane i kommunen vår. Det same med dei demente. Dei vert stadig fleire, noko som legg stort press på heile helse- og omsorgssektoren. Dette stiller ekstra krav til oss politikarar som skal sikre tjenester i heile kommunen. "Det handlar om menneska, ikkje millionane." Ullensvang Høgre vil at alle skal få bestemma så langt så rå over eigen kvardag, også når behovet for hjelp inntreffer. Vi må auka kapasiteten i sjukeheimane våre, styrka heimetenesta og gje eldre og sjuke moglegheit til å bu heime så lenge som mogleg. For dei demente må det leggest tilrette for meir dagtilbod, økt fysisk aktivitet og forutsigbar avlastning. Ingen skal føle seg aleine i møtet med denne sjukdommen. Det skal vera trygt og godt å bli gammal i Ullensvang Kommune.

Ullensvang Høgre består av ein svært engasjert og motivert gjeng i alle aldrar, med hjarte for heile kommunen. Vi vil meir for Ullensvang!
Vi går til val på moglegheiter for alle!

Godt val!

- Inger Synnøve Vestrheim, leiar av Ullensvang Høgre

Innhald

Næring og utvikling

Side 6-7

Helse, pleie og omsorg

Side 8-9

Oppvekst og utdanning

Side 10-11

Kultur, idrett og frivilligheit

Side 12-13

Samferdsle

Side 14

Landbruk

Side 15

Klima og miljø

Side 16



Ullensvang Høgre

Toppkandidatar

Kommunestyrelista




Nils Petter Freim



Elin Eide Brattabø



Inger Synnøve Vestrheim



Geir Midtun



Anne Lise Naasen



Eli Johanne Hope



John Opdal



Elisabeth Vågslid



Per Erik Teppen



Orinta Øiestad

Våre kandidatar til fylkestinget



Gunnar Moland

7. plass på Høgre si liste



Ida Steinsland Lutro

15. plass på Høgre si liste



1

Næring og utvikling

Ullensvang har innanfor sine grenser ledande industriverksemder, stor kraftproduksjon, globalt kjende reisemål og reiselivsverksemder. I tillegg har vi dyktige entrepenørar og tenestetilbudarar innafor dei fleste fag. Næringslivet er heile ryggrada i eit velferdssamfunn. Høgre vil føra ein politikk som gjer det lettare å starte ei verksemd, og som gjer det enklare å utvikla verksemda. Høgre i Ullensvang vil prioritera å redusera offentlig søknads- og handsamingstid slik at det blir enklare å meir føreseieleg å skapa fleire lønsame arbeidsplassar og større verdjar.

Ullensvang Høgre vil:

- Sørgja for at kommunen skal vera ein næringsaktiv ja-kommune for eit mangfaldig næringsliv.
- Byggja opp lokalt næringsliv gjennom å styrka kommunen sin kompetanse om eksisterande næringsliv og behov.
- Kommunen skal bruka lokalt næringsliv, lokale entrepenørar og forenkla anbud så langt det lar seg gjera.
- Vil innføra normerte sakshandsamingstider, og fritak for gebyr når disse ikkje vert nådd.
- Investorar bør oppfordrast til å nytta lokal arbeidskraft.
- Utarbeida ein reiselivsplan for kommunen.
- Realisere Hardanger Lift.

- Prioritera vedlikehold og rehabilitering av kommunale bustader og bygg.
- Aktivt støtta opp om Næringshagen i Ullensvang.
- Styrke næringsfondet årleg med inntil 0,5 av dei 7 promille kommunen tek inn på eigedomskatt.
- Arbeide for at formueskatten skal reduserast, og på sikt takast bort på arbeidande kapital.
- Jobba for flaumsikringstiltak for Sandven og Odda.
- Arbeida for gode forhold for aquakultur.
- Vera positive til utbygging av småkraft.
- Arbeida for at Røldal får eit rettferdig næringsfond i samband med miljørevisjonen av kraftanlegga i Røldal/Suldal.
- Nytta digitale verktøy for å effektivisera møteverksemd der det er tenleg.
- Arbeida for fleire statlege og fylkeskommunale arbeidplassar i Ullensvang kommune.
- Stimulere til fornybar energiproduktion i kommunen, også der det er fornuftig på kommunens egne bygg.
- Tilrettelegging for infrastruktur til nye og eksisterande bustadfelt.
- Tilrettelegge for bustadbygging- og løysingar for unge bustadkjøparar.



2

Helse, pleie og omsorg

Ullensvang Kommunestyre har nyleg vedteke ein helse- og omsorgsplan som vil vera eit godt styringsdokument for alle framtidige vedtak innafor sektoren. Velferdstenestene våre er i stor grad baserte på skattefinansierte universelle ordningar, men og målretta ordningar for dei som treng det mest. Høgre understrekar at velferdsordningar må utviklast i takt med endringane i samfunnet for å kunne vere rettferdige og berekraftige. I Ullensvang har vi ein demografi og ein geografi som gjev oss utfordringar. Høgre meiner at lokale tilpassingar til sentrale retningslinjeer nødvendig for å oppnå gode og tilgjengelige helsetenester for innbyggjarar i alle livsfasar.

Ullensvang Høgre vil:

- Auka antal heildøgns omsorgsplassar (HDO).
- Utvikla og drifta gode helsetenester i kommunen, og legge tilrette for privat tenesteyting der det er fornuftig.
- Sikra helsetjenester som set brukaren i fokus.
- Starta prosjekt med å auka grunnbemanninga i eldreomsorga.
- Prioritera etter- og vidareutdanning for å gje ein breiare kompetanse.
- Sikra terapibasseng.
- Styrka tidleg innsats hos menneske med psykiske vanskar.
- Sikra gode lavterskeltilbod innanfor rusomsorg og psykisk helse.





- Sikra at interesseorganisasjonar som til dømes pensjonistforeningane blir hørt og får delta i viktige saker som gjeld dei eldre.
- Auka fokus på demens som den nye folkesjukdommen. Sikra tilgjengelege desentraliserte korttids-plassar for heimebuande med demens.
- Arbeide for forutsigbarhet i avtalstningstjenesten for pårørende med demens.
- Arbeide for å opprette ettermidagstilbud til unge demente.
- Jobba for utvikling av pårørandestrategi.
- Bukollektiv for eldre.
- Innføra årlege kvalitetsrapportar frå sjukeheimane.
- Innføra anonyme brukarundersøkingar.

3

Oppvekst og utdanning

Ullensvang har ein ny skulebrukplan under utarbeid og denne kjem truleg til politisk handsaming i 2024. Dette betyr at strukturelle grep innan sektoren først vil koma til handsaming når skulebruksplanen er vedteken.

Høgre vil ha ein kunnskapsskule som gir moglegheiter for alle, uavhengig av bakgrunn, kjønn og kven foreldra er. Høgre har høgr ambisjonar for kvar enkelt elev.

Ullensvang Høgre ynskjer å halda fokus på tidleg innsats, investering i egne tilsette og utvikling av det faglige til bodet i skulen. Det er viktig at me har ein skule og barnehage som er tilpassa elevane, og deira behov.

Ullensvang Høgre vil:

- Arbeida for at alle skular i Ullensvang kommune blir sertifisert som dysleksivennlege skular.
- Gi elevar som treng ekstra utfordringar mulighet til fag frå høgare klassetrinn.
- Jobba for å rekruttera kompetente og motiverte lærarar for å sikra god læring på skulen.
- Væra positive til lekser som verktøy for repetisjon, og opne for dette også på SFO.
- Støtta og oppretthalda OppMot.



- Jobba aktivt for eit desentralisert høgare utdanningstilbod i Ullensvang i samarbeid med relevante aktørar.
- Tilby språkpraksis og arbeidstrening for innvandrarar.
- Ynskja private barnehagar velkomne i Ullensvang kommune.
- Vurdera strukturendringar i oppvekstsektoren, for å nytta ressursane til beste for borna.
- Iverksetja tiltak slik at tilsette i skular og barnehagar har tilstrekkeleg kunnskap til å fanga opp signal på psykiske vanskar, vald og overgrep mot born.
- Jobba for tilgjengeleg helsesjukepleiar ved alle skulane i kommunen.
- Videreutvikla helsestationtenesta slik at born og unge får eit betre digitalt helsesykepleiartilbod.
- Satsa på entrepenørskap i skulen gjennom ungdomsbedrifter og arbeidspraksis.
- Gje elevar stipend på 10.000 kr for å byrja på Odda Vidaregåande skule.
- Opna for at den vedtekne nye barnehagen på Eitrheim kan driftas i privat regi.
- Arbeida for at skulebruksplanen skal spegla ein rettferdig skulestruktur som tener alle delar av kommunen vår.





4

Kultur, idrett og frivilligheit

Me bur i ein kommune som har eit fantastisk breidt tilbod av fritidsaktivitetar. For at me skal utvikla oss som kommune må me sikra at det er eit mangfaldig tilbod som passar alle. Sjølv om det finst mange gode etablerte tilbod, må me sørgja for gode rammevilkår slik at det vert utvikla fleire tilbod i kommunen. Ullensvang kommune er heilt avhengig av frivillighet for å tilby vaksne og barn gode tilbod. Dette gjeld både i idretten og kulturlivet, men også for menneske som treng ekstra omsorg og oppfølging i kvardagen, er frivilligheita viktig.

Ullensvang Høgre vil:

- Arbeida for å innføra fritidskort for dei familiare som treng det.
- Sikra god kvalitet på kommunale idrettsanlegg.
- Forna Oddahallen.
- Arbeida i lag med frivilligheiten for idrettshall med internasjonale mål på vestsida, i tillegg til levelig drift ved dei hallane me allereie har.

- Gje støtte til kulturarrangement som bidrar til eit rikt kulturliv i kommunen vår.
- Byggja badeland i tilknytning til Folkebadet i Odda.
- Jobba for at private og frivillige organisasjonar er med på laget for å sikra best moglege tilbod.
- Rusta opp badebassenget i Røldal.
- Jobba for gode fasilitetar på Byrkjenes.
- Aktivt arbeide for å oppretthalda skule- og musikkorpsene i heile kommunen.
- Tilrettelegga for digitale aktivitetar og e-sport.
- Legga tilrette for at kommunale lokaler og idrettsplassar kan benyttas av frivilligheten og barneidretten.
- At skulebygg i større grad skal kunne brukas av kulturen og idretten etter skuletid.





Samferdsle

Ullensvang kommune har store utfordringar når det gjeld samferdsle, kollektivtransport, infrastruktur og ikkje minst vegstandard. Gjennom aktiv påvirknad og dialog med dei som tek avgjerd sentralt og regionalt, vil me medverka til at både Nasjonal- og Regional Transportplan vert følgd opp.

Ullensvang Høgre vil:

- Arbeida for å sikra bygningar og vegar som er utsett for flaum og ras i Ullensvang kommune.
- Ta inn vedlikehaldsetterslepet på kommunale vegar.
- Jobba for ei realisering av ny Røldalstunnel og ny Haukelitunnel.
- Fv49, tunnel mellom Austrepollen og Nordrepollen.
- Fv550 mellom Odda og Utne, og gul midtstripe på riksveg 13.
- At Stortinget vedtek eit tenleg ambisjonsnivå for riksveg 7 over Hardangervidda.
- Arbeida for snøggåtsamband på Hardangerfjorden.
- Betre koordinering av bussamband mellom dei ulike fylka og kommunen.
- Realisering av Hordalandsdiagonalen via Odda til Bergen.
- Påverka fylkeskommunale aktørar til å sikra eit godt kollektivtilbod i heile kommunen.
- Fleire gang- og sykkelveg, t.d. langs Sandvinsvatnet til Jordal og den gamle postvegen frå Hovland til Lofthus.



Landbruk, havbruk og matproduksjon

Ullensvang Kommune er ein primærnæringskommune med frukt, storfe og småfe, store beiteressursar i høgfjellet og frodige gardar ved fjordane. Sider-eventyret som er tufta på nettverksbygging kan visa veg korleis me skal koma etter med andre landbruksprodukt. Høgre vil stimulera til meir småskalaproduksjon av næringsmiddel som har identitet i Hardanger.

Ullensvang Høgre vil:

- Bevara eit livskraftig landbruk og fiske i heile kommunen.
- Leggje til rette for fornuftig bruk av naturressursane.
- Fortsatt sikra ei sterk veterinærteneste i kommunen.
- Opna for strøtomter i LNF-områder.
- Gje bonden større fridom til å disponera eigne ressursar og eigedom.
- Støtta fruktlagra ved å auka kompetansen på landbrukskontoret til økt veiledning, planteplanar og rådgiving.
- Jobba for økt samarbeid mellom fruktlagra.
- Sikra biologisk mangfald av pollinatorar ved bevisst plantevalg rundt om i kommunen.
- Meir lokal kontroll over plan- og bygningslova når det gjeld nasjonalparken og tilhøyrande randsoner.
- Ha fokus på kvalitet og merkevarebygging for landbruksprodukter.
- Arbeida for at Politiet i Hardanger kan ta i mot søknadspapir og registrera registreringsbevis.
- Sikra at vi har eit godt vern om dyr, både for bønder, oppdrettarar og personar med kjæledyr.
- Arbeida for at grunneigarar i Røldal får trygg tilkomst til sine eigedomar i Valldalen, sommar som vinter.



Klima og miljø

Heile verda står framfor ei omstilling, der alle må jobba saman for å få ned klima- og miljøfiendlege utslepp. Kommunen kan gjera tiltak lokalt for å bidra til dette. Ullensvang har ein flott natur som me er stolte av. Det er viktig at me tek vare på den, også i framtida.

Ullensvang Høgre vil:

- Ullensvang kommune skal vera ein miljøkommune, og me skal arbeida for berekraft og miljømedvet i all politikken vår.
- Jobba for mindre matsvinn.
- Velja klima- og miljøvennlege produkt og løysingar der dette er tilgjengeleg og forsvarleg.
- Jobba for klimavennlege tenestebilar i kommunen.
- Samarbeida med reiselivsnæringa for eit berekraftig reiseliv, og særleg jobba for å utvikla aktiviteten i det som i dag er lågsesong.
- Samarbeida med næringslivet for å redusera bruken av plast og isopor.
- Auka midlane til klimatiltak med mål om betydelege utsleppsreduksjonar innan transport, oppvarming og avfallshandtering.
- Sikra vedlikehald av eksisterande turveggar i samarbeid med grunneigarar, frivillighet og landbruksnæringa.
- Arbeida for større grad av lokal kontroll over naturområda i eigen kommune, og vil behalda fjellova slik den er i dag for å verne våre hevdvunne rettar frå storsamfunnets konstante press.



Polski

Zdrowie

Ullensvang Høgre zapewni wszystkim dobrą i godną opiekę nad osobami starszymi, dostosowaną do ich własnych potrzeb. Każdy powinien umieć być szefem we własnym życiu – także na starość. Będziemy rozwijać dobre usługi zdrowotne w gminie, które skupiają się na użytkowniku.

Dorastanie i edukacja

Ullensvang Høgre chce szkoły z jakością i wiedzą. Wszyscy uczniowie muszą mieć równe szanse. Høgre mieć szkołę, która widzi każdego ucznia. Będziemy aktywnie działać na rzecz dobrej zdecentralizowanej oferty szkolnictwa wyższego w Ullensvang. Høgre chce zróżnicowanej oferty opieki nad dziećmi o wysokiej jakości i dobrych treściach.

Integracja i szkolenie w zakresie języka norweskiego będą ważne, aby jak najwięcej osób mówiących z mniejszości znalazło zatrudnienie.

Zadbaj o to, aby każdy, kto tego potrzebuje, miał zapewnione miejsce w żłobku w wieku jednego roku lub po zakończeniu urlopu.

Przemysłu i życia zawodowego

Ullensvang Høgre stworzy więcej miejsc pracy w całej gminie. Zapewnienie, że gmina będzie aktywną społecznością biznesową i gminą dla zróżnicowanego życia biznesowego i potrzeb.

Ullensvang Høgre będzie pracować nad zabezpieczeniem budynków i dróg narażonych na osunięcia ziemi i powodzie w gminie Ullensvang.

Gmina Ullensvang będzie gminą ekologiczną i będziemy pracować na rzecz zrównoważonego rozwoju i świadomości ekologicznej we wszystkich naszych politykach!

عربي

الصحة

سيعمل حزبنا على ضمان رعاية صحية للجميع و رعاية قيمة ل كبار السن تتناسب مع احتياجات كل شخص على حدا .
الجميع يحق له إدارة حياته الشخصية و ذلك يشمل كبار السن أيضا .
سنقوم ب تطوير خدمات صحية جيدة تقوم بالتركيز على احتياجات كل فرد في البلدية .

التربية و التعليم

حزبنا يريد مدرسة تتميز بالجودة و الخبرة , و تقوم بالتركيز على تنمية و تطوير كل طالب على حدا .
حصول جميع الطلاب على فرص متساوية أمر مهم ل حزبنا .
سنعمل بجد من لتأمين عروض تعليم عالي لا مركزية هنا في البلدية .
حزبنا يريد وجود عروض رياض أطفال متنوعة وذات جودة عالية ومحتوى جيد .
الاندماج والتدريب النرويحي أمر مهم ل حزبنا ل ضمان دخول أكبر عدد ممكن من الأقليات في سوق العمل .
العمل على توفير مكان في رياض الأطفال لجميع من يرغب في ذلك مباشرة عند أتمام الطفل السنة الأولى من عمره أو أنتهاء أجازة الأمومة .

الصناعة والتجارة

سيعمل حزبنا على خلق المزيد من فرص العمل في جميع أنحاء البلدية , و سنحرص على ضمان ان تكون بلديتنا تحوي مجتمع أعمال نشيط وان تكون بلدية مناسبة ل احتياجات عمل مختلفة.
سيعمل حزبنا على تأمين حماية الماباني والطرق المعرضة للأنهيارات الأرضية والفيضانات في البلدية .
بلديتنا يجب ان تكون بلدية صديقة للبيئة لذلك سنعمل لتوفير الوعي البيئي و ثقافة الأستدامة في جميع سياساتنا .



NILS PETTER FREIM
- DIN ORDFØRAR!
HUGS Å STEMME HØGRE

Valliste

2023–2027

1. Nils Petter Freim	1963	Odda
2. Elin Eide Brattabø	1989	Jondal
3. Inger Synnøve Vestrheim	1971	Odda
4. Geir Midtun	1960	Lofthus
5. Anne Lise Naasen	1974	Odda
6. Eli Johanne Hope	1967	Kinsarvik
7. John Opdal	1953	Odda
8. Elisabeth Vågslid	1967	Røldal
9. Per Erik Teppen	1965	Odda
10. Orinta Øiestad	1979	Odda
11. August Mikkelsen	2002	Odda
12. Jon Kråkevik	1956	Nå
13. Silje Elise Selsvik	1981	Jondal
14. Karam Alkhaled	1986	Odda
15. David Bratland	2003	Lofthus
16. Lars Arne Eide	1951	Jondal
17. Terje Bleie	1949	Nå
18. Gunnar Moland	1952	Odda
19. Ørjan Aarekol	1976	Odda
20. Jarle Kråkevik	1981	Nå
21. Tørres Mæland	1970	Kysnesstrand
22. Elfrid Haara Leikvoll	1971	Kinsarvik
23. Ståle Wiberg	1965	Lofthus
24. Per-Gunnar Hammer	1963	Kysnesstrand
25. Lars Inge Thorset	1970	Kinsarvik
26. Hilde Kvestad	1986	Nå
27. Geir Magne Austrheim	1974	Odda
28. Birte Moland	1983	Odda
29. Therese Rønhovde Opheim	1988	Kinsarvik
30. Odd Leikvoll Strand	1990	Kinsarvik
31. Eldbjørg Skare Thygesen	1986	Odda



Ullensvang Høgre